



Dornier 328 med plass til 32 trafikerer Stord-Oslo no. (Foto: Jan Morten Myklebust)

Uskedelingen Jan Morten Myklebust, som er lufthamnsjef på Sørstokken på Stord, har hatt to gode dagar etter mange dårlege.



Eit nytt kapitel i lufthamna si historie er skreve med opninga av dei nye flyrutene. Sundag var det ein luftig opningsfest og måndag gjekk det første av ruteflya til danske Sun Air som har eit franchisesamarbeid med British Airways.

Lufthamnsjef Jan Morten Myklebust har

no hatt nokre gode dagar

Selskapet kjem til å ha tre daglege turar til Oslo og på fredager vil dei flyga til Århus med retur søndag. På første turen til Oslo måndag morgon var 28 av 32 plassar fylte og det var lufthamnsjefen fornøgd med ettersom det enno er ferietid. No håpar han at ruta skal bli ein suksess samstundes som han set lit til opparbeiding av chartertrafikk.

I den samanhengen meiner han at det bør vera eit potensiale for trafikk til og frå Polen ettersom det er så mange gjestearbeidarar i distriktet.

Rutesjef Trine Dige Iversen i Sun Air har stor tru på at selskapet skal få sving på ruta trass i at fleire har gjeve opp tidlegare. Ho legg ikkje minst vekt på at dei opererer saman med velrenommerte British Airways og har et godt produkt med god ruteplan. Ho trur også at den høge aktiviteten ved Aker Solutions på Stord vil vera med på å sikra passasjertala.

Av Ola Matti Mathisen